



STORTINGET

Innst. 419 S

(2023–2024)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2023–2024)

Innstilling fra finanskomiteen om Statsrekneskapen 2023

Til Stortinget

Sammendrag

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingsrekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingsrekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2022 til 2023 og overført løyving frå 2023 til 2024. Kapitalrekneskapen syner statens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garanti-ansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig. Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap for 2023. Budsjettutviklinga gjennom 2023 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 30 S (2023–2024) Ny saldering av statsbudsjettet 2023 og Prop. 34 S (2023–2024) Tillegg til Prop. 30 S (2023–2024) om ny saldering av statsbudsjettet 2023 (Nasjonal sikkerhetsmyndighet og ny saldering).

Det oljekorrigerte budsjettunderskotet vart i nysaldert budsjett 286,2 mrd. kroner. Det er ein auke på 29,3 mrd. kroner frå budsjettet vart vedteken i desember 2022 og kjem av at utgiftene auka meir enn inntektene gjennom året. I rekneskapen auka underskotet med 4,2 mrd. kroner til 290,5 mrd. kroner.

For 2023 syner Statens pensjonsfond eit overskot på 1 046,7 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og

Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 1 042,5 mrd. kroner i 2023.

Rekneskapen og denne meldinga speglar statens ut- og innbetalingar og balanse til og med 31. desember 2023, i tråd med prinsippa for føring av statsrekneskapen, sjå kapittel 4.4.

Kapittel 1 gjer greie for hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Låntransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg programområda til departementa kvar for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar og garantiar.

Ein viser til meldinga for nærare omtale.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eigil Knutsen, lederen Tuva Moflag, Tellef Inge Mørland, Nils Kristen Sandtrøen, Maria Aasen-Svensrud og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Tina Bru, Mahmoud Farahmand, Heidi Nordby Lunde og Helge Orten, fra Senterpartiet, Kjerstin Wøyen Funderud, Ole André Myhrvold og Per Martin Sandtrøen, fra Fremskrittspartiet, Hans Andreas Limi og Roy Steffensen, fra Sosialistisk Venstreparti, Kari Elisabeth Kaski, fra Rødt, Marie Sneve Martinussen, fra Venstre, Sveinung Rotevatn, fra Miljøpartiet De Grønne, Lan

Marie Nguyen Berg, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, tar omtalen til orientering og viser for øvrig til Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og råår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2023–2024) – Statsrekneskapen 2023 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 30. mai 2024

Tuva Moflag

leder og ordfører